

Årsmelding for Kringkastingsringen 2020

1. Årsmøtet 2020
2. Styrearbeid
3. Medlemer
4. Økonomi
5. Administrasjon
6. Arbeid
7. Representasjon

1. Årsmøtet 2020

Årsmøtet vart halde 11. mars på Skrivarstova, Lilletorget 1, Oslo.

Fylgjande møtte: Inger Johanne Ruset, Kari Nygård Tvilde, Matias Rolighed Bergset, Mone Celin Skrede, Kristofer Olai Stavseng, Kjartan Helleve. Det vart i framkant gjeve melding om at møtet kom til å bli redusert grunn koronaviruset.

Årsmøtet valde dette styret for 2020-2021:

Inger Johanne Ruset (1 år, leiar), Ingjerd Lindeland (2 år), Sigrid Sofia Kleiva-Gramstad, (2 år), Erik Grovassbakk (2 år), Hans-Olav Rise (2 år), Mattias Rolighed Bergset (valt i 2019), Kari Nygård Tvilde (valt i 2019)

Vara (for 1 år): Arne Henning Årskaug, Mone Celin Skrede, Vegard T. Foseide, Mona Vetrhus.

Valnemnd (for 1 år): Sigrid Sørungård Botheim, Lars Ivar Nordal, Martin Toft

2. Styrearbeid

Det har vore sju styremøte i perioden. Styret har handsama om lag førti saker. Styremøta har stort sett vore digitale. Junimøtet vart kombinert med ein vårfest heime hjå Kari. Ingvild Bryn var heidersgjest. Dagleg leiar har fungert som skrivar på alle møta.

3. Medlemer

Den 31.12.2020 hadde Kringkastingsringen 623 medlemmar, inkludert 42 livstidmedlemer. Dette er ein nedgang på om lag sytti frå året før. Kringkastingsringen har ei veldig trufast medlemsgruppe som i liten grad melder seg ut. Nedgang skuldast for det mest opprydding og at medlemene har kome til vegg ende. Mange medlemer bidreg med frivillige gåver i tillegg til årspengane, og slik legg deigrunnen for at Kringkastingsringen kan driva utetterretta verksemd.

4. Økonomi

Rekneskapan syner eit underskot på 44 084 kroner. I 2020 fekk Kringkastingsringen inn 174 750 kroner i medlemspengar og 189 601 kroner i gåver. Dette var mindre enn venta. Andre inntekter, som er tilskot til tilskipingar, forsvann med tilskipingane. Dessutan kom nokon av utgiftene i 2019 inn i rekneskapan for 2020, som gjorde 2019 til eit tilsynelatande godt år, medan 2020 vart tilsvarande dårlegare. Sanninga er nok at dei vart nokså jamgode. Organisasjonen er no i gang med å bruka av oppspart eigenkapital.

5. Administrasjon

Kjartan Helleve har vore tilsett i 50 prosent stilling som dagleg leiar. Stillinga er lønna i lønnssteg 44 i statens regulativ. Løna vart i 2020 justert i samsvar med staten si justering av lønstrinna. Arbeidsoppgåvene dreier seg hovudsakleg om økonomi, informasjonsarbeid, medlemsregister, politisk grunnarbeid og prisutdelinga. Dagleg leiar fungerer også som skrivar på styremøta. Organisasjonen leiger kontor hjå Noregs Mållag.

6. Arbeid

Påverke styresmaktene

Kringkastingsringen var på to høyringar i Stortinget i perioden: språklova i juni (Ruset, Helleve) og mediestøttelova i november (Helleve). Me leverte høyringsnotat båe gongene, og førebels ser det ut til at særleg merknadane våre til språklova fall i god jord hjå familie- og kulturkomiteen.

Medieverksemdene

Me (Ruset) hadde saman med Noregs Mållag og Norsk Målungdom møte med leiinga i NRK 2.november. Der var ein m.a. innom lydtolking, skrivefeil og fadderordning i redaksjonane.

Møte journalistane

Me har i perioden gitt kopp og merksemd til Roger Sevrin Bruland (NRK), Svein Olav Langåker (Framtida) og Morten Myksvoll (Bergens Tidende).

Synleg organisasjon

Kringom

Kringom er medlemsbladet for Kringkastingsringen, og går ut til alle medlemmane, i tillegg til ymse gratistingarar, særleg i NRK-systemet. I 2020 kom det fire nummer. Saman med Kringom vart det sendt utmedlemspengegiro og gåveoppop. Dagleg leiar skriv det meste av stoffet, med noko hjelp frå styret.

Internett

www.kringkastingsringen.no har grunnleggjande informasjon om organisasjonen, nyheiter, opplysningar om Kringkastingsprisen, årsmeldingar, arbeidsprogram osv. Facebook-sidene blir likevel oftare oppdatert. Talet på fylgjarar har vore stabilt gjennom perioden.

Norsk Tidend

Styreleiar leverte stoff til Norsk Tidend under vignetten *Media*.

Pressemeldingar

Inger Johanne Ruset ny leiar i Kringkastingsringen (13.3.2020)

Skuffande språkmelding (13.5.2020)

Kringkastingsprisen til Arve Uglum (14.12.2020)

Vil ha fleire nynorskjournalistar (19.1.2021)

NRK med lovande nynorsk-tal! (12.6.2019)



post@kringkastingsringen.no
Pb 9161 Grønland, 0134 OSLO

Innlegg

Fleire kinofilmar bør tekstast på nynorsk og samisk (14.8.2020)

Mediestøtte er også ei støtte til norsk språk (13.11.2020)

Ja, skjerpings, NRK! (20.1.2021)

Kringkastingsprisen

Arve Uglum fekk Kringkastingsprisen 2020 for innsatsen med *Der ingen skulle tru at nokon kunne bu*.
Utdelinga fann stad på redaksjonslokala til Sogn Avis i Leikanger.

7. Representasjon

Styret i Nynorsk pressekontor

Fast plass: Hans-Olav Rise og Anne Svanaug Straume

Vara: Inger Johanne Ruset og Mattias Rolighed Bergset

Vener av Dag og Tid

Kristofer Olai Stavseng og Inger Johanne Ruset

Nynorsk Forum

Dagleg leiar har møtt fast i Nynorsk Forum.

Oslo 19.3.2021

Inger Johanne Ruset (leiar)

Ingjerd Lindeland

Sigrid Sofia Kleiva-Gramstad

Erik Grovassbakk

Hans-Olav Rise

Mattias Rolighed Bergset

Kari Nygård Tvilde